

# Skulder ved skulder



**KOMMENTAR**

Utlandet er ein imponert over kor verdig folk i Noreg har stått fram etter attentatet mot regjeringskvartalet og massakrane på Utøya. Jo, vi har stått skulder ved skulder, slege ring om folkestyret, samla merksemda om offera, synt samhald og ikkje frykt. Alt dette kan vi særleg takka statsminister Jens Stoltenberg for. Han stod fram som eit medmenneskeleg førebilete, og ein klokare leiar gjennom katastrofedøgna kan ikkje tenkjast. Eg må òg nemna alle dei unge som overlevde, motet dei synte, hjartelaget, viljen til å arbeida vidare for likeverd og demokrati. Ungdom landet over mobiliserte. Om vi ikkje har sett dei før, kom ein ny generasjon til synes med det beste av verdiar.

Samstundes heiter det i internasjonal presse at ein ikkje kan fatta korleis den frededelege nasjonen Noreg har kunna hysa høgreakstremisten Anders Behring Breivik og den djevelske ideologien som låg til grunn for terroråtaka. I utlandet kan biletet av Noreg difor slå sprekkar. Og dersom vi sjølv for ei stund maktar å leggja til sides tanken på Breiviks forkvaka psyke, lyt jamvel vi her heime spørja oss om vi veit kva som går føre seg i samfunnet vårt.

## IKKJE I EIT VAKUUM

Ugjerningsmannen har truleg handla åleine, men ikkje i eit vakuum. Om han med tida trekte seg attende frå familie og gamle vener, tyder ikkje det at han vanta nettverk, snarare at han i dulsmål fann seg nye. Sider ved samfunnsutviklinga kan gjera ei slik tilbaketrekking mogeleg. Trass i at vi til dømes bur tettare enn nokon gong, har det vorte lettare å gøyma seg. Ei slik anonymisering er ikkje ulik den internett tillèt. Der treng ein ikkje gje seg til kjenne, ikkje eingong for likesinna. Der treng ein ikkje følgja demokratiske spele-

**Jamvel vi her heime lyt spørja oss om vi veit kva som går føre seg i samfunnet vårt.**

reglar, der treng ein ikkje vera medmenneske.

Dei tradisjonelle andlet-til-andlet-fellesskapane hadde sin pris, men verre er den ekstreme individualismen. Når dei sosiale og etiske banda ryk, står den store einaren att, han som veit alt og kan alt, og som held neste-kjærleik og solidaritet for å vera

kjenneteikn på ein tapar og eit taparsamfunn. Mot dette stod ungdomane som miste livet på Utøya, mot dette må vi alle stå.

## EIT OPE SAMFUNN

Vi lever i eit ope samfunn og vil gjera det opnare, seier vi, men då har vi vel fyrst og fremst dei demokratiske institusjonane i tankane. Men når vi no veit korleis ugjerningsmannen opererte i det stille, må vi sjå i augo at det utanfor institusjonane kan finnast løynde og lukka fellesskapar; over tusen personar fekk manifestet hans tilsendt før han detonerte bomba. Få har skrive meir inngående om framvokstere av slike farlege fellesskapar enn Zygmunt Bauman, filosofen og samfunnsanalytikaren, gjer i boka *Savnet fellesskap*.

Vi har desse dagane synt kvarandre ein tillit som kan vara. Vi vende anonymiteten ryggen og stod fram som medvitne samfunnsborgarar. Vi har likeins utvist den største respekt, oss imellom og for dei folkevalde. Rett nok kan ingenting av dette gje dei drepne livet attende eller vera til trøyst for dei som sit att med tap og traume. Ingenting av dette kan heller få oss til å gløyma at åtaka var eit målretta politisk attentat. Ord kjem til kort, men likevel må eg seia at politikarforakt aldri har vore meir forakteleg. No står vi alle skulder ved skulder.

Karin Sveen er forfattar og fast kommentator i Dag og Tid.